

Vedlegg 2:

Tilskotsordning – Folkehelsearbeid

Tilskot til folkehelsearbeid i kommunane i Vestland

Føremål

Kommunane skal kunne prioritere å jobbe for ei betre folkehelse. Midlane skal nyttast til utvikling av folkehelsearbeidet i tråd med nasjonale og regionale satsingsområde, men med utgangspunkt i kunnskap om lokale behov. Berekraftsmål nr. 10: sosial ulikheit er eit premiss for tilskotsordninga. Tilskotsordninga skal bidra til kommunane sitt arbeid med å sikre like mogelegheiter til god livskvalitet og helse, uansett alder.

Kven kan søkje

Kommunane i Vestland fylke. Kvar kommune kan sende inn ein søknad.

Søknadsfrist

Søknadane vert handsama to gonger i 2020. I 2020 er søknadsfristane 15. mai og 15. september.

Krav til søknaden

Søknad skal registrerast elektronisk på www.regionalforvaltning.no. (Lenke ved publisering). Den elektroniske søkjarportalen baserer seg på standard søknadsskjema. Teksten som søkjaren må fylle ut i kvar kategori kan skrivast kort og konsist. Innhaldet kan utdjupast i vedlegg til søknaden.

Kva kan få støtte

I 2020 vert det gjeve ei lik fordeling av midlar til folkehelsearbeid til kommunane i Vestland på 100.000 kr.

Midlane skal nyttast til kommunale prosessar og utviklingsarbeid som stør opp om mål og strategiar knytt til *regional plan for folkehelse 2014-2025 – fleire gode levekår for alle* - og *regional plan for folkehelse 2015-2025 – saman for god helse og trivsel*, samt dei overordna måla i Utviklingsplan for Vestland som no er under arbeid:

- Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping
- Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

Midlane kan nyttast innan eit eller fleire av innsatsområda under

- Satsingar forankra i kommunale planer for å utvikle befolkningsretta og systematisk folkehelsearbeid.
- arbeid for å sikre at utjamning av sosiale helseskilnader er sett som tema i kommunane sine plandokument.
- Samlingar og kompetanseheving på tvers av kommunen sine sektorar.

Midlane kan ikkje dekke

- Ordinær drift, innkjøp av utstyr, anlegg og fysiske tiltak eller einskild arrangement.
- Førebyggjande arbeid innanfor helsetenesta sine satsingsområde.

- Midlar som ikkje vert nytta ut frå gjevne vilkår, kan krevjast betalt tilbake.

Vilkår for tildeling

- Rapportering på aktivitetar og måloppnåing skal skje i tråd med tilsegnsbrev.
- Kommunen må ha eigen finansiering, dette kan vere i form av eigeninnsats.
- Det er krav om tilbakebetaling dersom prosjekt ikkje vert gjennomført i tråd med tilsegnsbrevet.

Merknad: Overgangsordning 2020

Tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland fylker har hatt ulik innretting når det gjeld støtte til folkehelsearbeid. I Vestland fylkeskommune må støtteordningane samordnast, og tilpassast nye nasjonale føringar på området. Tilskotsordninga er gjeldande for år 2020, til vi får nye føringar for søknad om folkehelsemidlar på plass.